



## Innkalling

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 08.03.2022  
**Møtested:** Austrheim komunehus, kantina  
**Møtetid:** 16:00 - 17:00

Eventuell framdrift for saka om Austrheim arbeidssenter blir diskutert under "Orienteringssak"

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
006/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
007/22	Godkjenning av møteprotokoll
008/22	Orienteringssak
009/22	Støtte til deltaking på Stiftelsen SOR sine konferansar

Austrheim 4. mars 2022

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	08.03.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	22/287

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	08.03.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	22/287

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg:

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2022

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:



Error! Not  
a valid  
filename.

AUSTRHEIM KOMMUNE

## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 01.02.2022  
**Møtestad:** Kantina, kommunehuset  
**Møtetid:** 15:00 - 16:00

Frammøtte medlemmer	Rolle
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utvalseiar
Ivar Bergsvik	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Hege Ramsland	Varamedlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Ketil Tjore, Asbjørn Toft

---

Austrheim 7. februar 2022

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær



## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møteprotokoll
003/22	Orienteringssak
004/22	Status i arbeidet med nye lokale for arbeidssenteret, merknader frå RMNF
005/22	Flytting av møtestart, til 16.00.

## **001/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **01.02.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **RMNF - 001/22 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **002/22: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **01.02.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **RMNF - 002/22 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **003/22: Orienteringssak**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at saka om gangveg Mastrevik - Kilstraumen vert teke opp i kommunestyret 17/2. Møtesekretæren formulerer eit skriv om dette. Rådet kjem også med innspel om at det må vera handikapparkeringar som er merka med oppmerking og skilt, og vert brøytt, ved Austrheimhallen og fleire andre stader, som skular, barnehagar, Vardetangen og Molo-kaien.

## **01.02.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Innspel til kommunestyret foreslått av:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at saka om gangveg Mastrevik - Kilstraumen vert teke opp i kommunestyret 17/2. Møtesekretæren formulerer eit skriv om dette. Rådet kjem også med innspel om at det må vera handikapparkeringar som er merka med oppmerking og skilt, og vert brøytt, ved Austrheimhallen og fleire andre stader, som skular, barnehagar, Vardetangen og Molo-kaien.

Leiar for planvdelinga Asbjørn Toft orienterte om arbeidet med trafikksikring, herunder planar for fortau/gangveg frå Mastrevik mot Kilstraumen. Planen var godkjent i 2017, ein plan som vart laga med støtte frå dåverande Hordaland Fylkeskommune.

Arbeidet vart då kostnadsrekna til i alt kring 100 millionar kroner. Har starta med noko av det som var planlagt, som veglysa som var ferdige i 2019 frå Mastrevik til Ulvøy (fekk noko støtte til dette). Politisk er det sagt at denne gangvegen skal prioriterast så snart gangveg med gangbru på Fønnes er ferdig, her er det brua som manglar før alt er klart. Gangveg frå Mastrevik (VGS med meir) og mot Budalen og vidare skal vera det neste store prosjektet i Austrheim.

Austrheim kommune har ikkje kunna forskuttera noko av arbeidet her så lenge ein var på Robek-lista, og fylket er også meir restriktive med å la kommunane forskuttera sidan det låser fylkeskommunale midlar i framtid.

Fønnes-arbeidet som snart er fullført er finansiert med midlar frå bompengepakken

Nordhordlandspakken, og var det prosjektet i Austrheim som var prioritert i den pakken.

Toft oppmoda rådet til å be om eit eige politisk møte for gangveg Mastrevik - Kilstraumen for å setta fokus på dette. Hege Ramsland spurte om det er mogleg å nedskalera breidde og omfang på gangvegen for å få til meir for mindre. Toft viste til eit arbeid som var gjort i Sola kommune i Rogaland, der ein bygde i mindre omfang for å få til meir.

Ivar Bergsvik støtta ideen om å gjera det til tema på eit eige politisk møte, for å setja fokus på dette arbeidet.

Asbjørn Toft sa om finansiering at ein kan søka nasjonale midlar, som innimellom blir utlyst, kommunen kan bidra saman med fylkeskommunen som er vegeigar, eller ein kan venta på fylket.

Vanlegvis er det slik at det er lettare å få midlar frå andre dersom kommunen har ein del midlar sjølv også. Kommunen har hatt lite midlar dei siste åra, så lenge Austrheim har vore på Robek-lista.

Helge Dyrkolbotn spurte om det vil hjelpa å vera meir "på" frå kommuneadministrasjonen si side.

Asbjørn Toft svara at det er eit stort prosjekt, om ein skal bygga gangvegen etter reguleringsplanen vil det vera meterkostnad på 7-10.000 kroner. Må nok delast i parsellar, men kan gjerast rimelegare dersom ein gjer som i Sola kommune og byggjer enklare enn det er regulert for.

Mette Ekornrød spurte om ein kan stadfesta meir detaljert når dette arbeidet skal komma i gang.

Anny Helene Sætre Bertelsen spurte om ein ikkje kan kjøra dette meir i parsellar, så langt det er klart frå grunneigarar. Asbjørn Toft svara om dette at dersom fylket bygger ut, så er det grunnlag for oreigning frå reguleringsplanen, og dette vil skje gjennom systemet som fylkeskommunen og Statens Vegvesen har. Også fylket vil tenka på dette som eit prosjekt som må takast i parsellar.

Ivar Bergsvik sa at det må vera plan for å fullføra heile prosjektet, og ikkje berre starta ein plass. Her svara Asbjørn Toft at det gjerne vil laga seg ei forventning om fullføring dersom ein først startar på ein parsell av dette.

Ivar Bergsvik spurte om det er mogleg å flytta vegen for enkelte strekk, og la dagens veg vera fortau.



Her svara Asbjørn Toft at det ikkje var aktuelt å regulera det slik tidlegare, då reguleringsplanen var klar i 2017.

Asbjørn Toft sa at ein gjerne kan be kommunestyret om å ta dette opp i møtet 17/2.

---

Mette Ekornrød spurte om merking av parkeringsplassar ved Austrheimhallen, fekk svar om at dette ligg under teknisk drift (Rolf-Henning Myrmel). Ved Austrheimhallen er det no mykje arbeid med ny vassleidning.

---

Handsaming i rådet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak.

### **RMNF - 003/22 VEDTAK:**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at saka om gangveg Mastrevik - Kilstraumen vert teke opp i kommunestyret 17/2. Møtesekretæren formulerer eit skriv om dette.

Rådet kjem også med innspel om at det må vera handikapparkeringar som er merka med oppmerking og skilt, og vert brøytt, ved Austrheimhallen og fleire andre stader, som skular, barnehagar, Vardetangen og Molo-kaien.

---

### **004/22: Status i arbeidet med nye lokale for arbeidssenteret, merknader frå RMNF**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram for drøfting

På vegner av RMNF etterlyser ein framdrift i arbeidet med nytt arbeidssenter.

### **01.02.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

foreslått av:

På vegner av RMNF etterlyser ein framdrift i arbeidet med nytt arbeidssenter.

Odd Øksnes orienterte om arbeidet som har skjedd i dei møta som har vore i gruppa for nytt arbeidssenter. Vestlia har på vegner av brukarane meldt inn eit behov, så skal teknisk laga ei skisse som skal vera grunnlag for ei utlysing av kva behov kommunen skal ha dekkja. Veit ikkje at slik skisse er laga.

Det aktuelle er då at nokon kjem med innspel om å tilby lokale som finnest i dag, eller at det er nye lokale som kan byggast.

Anny Helene Sætre Bertelsen har tatt dette med seg til organisasjonen NFU, og dei har komme med innspel som er sendt til administrasjonen ved kommunalsjef Monika Kvamme.

Bertelsen sa at etter innspel frå NFU har ein tatt kontakt med eigarane av den gamle barnehagen på Årås, for å sjå om dette kan vera eit aktuelt lokale. Bygget er kanskje i dårleg stand, men uteområdet er mykje betre enn det som er på Kaland i dag, der det berre er ein parkeringsplass.

Odd Øksnes sa at det ikkje er bestemt at nytt arbeidssenter skal ligga der eller der i kommunen, men at det må vera i gangavstand frå buss, og at Fonnes senter er vurdert som ei aktuell plassering.

Det vart diskutert om ein kan nytta dagens plassering, og byggja nytt arbeidssenter der.

Det vart spelt inn at ein kan sjå om det nye Austrheim kommunale eigedomsselskap kan løysa denne

oppgåva for kommunen.  
Handsaming i rådet:  
Samrøystes for at ein etterlyser framdrift i arbeidet.

**RMNF - 004/22 VEDTAK:**

På vegner av RMNF etterlyser ein framdrift i arbeidet med nytt arbeidssenter.

---

**005/22: Flytting av møtestart, til 16.00.**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møtestart for RMNF vert flytta til klokka 16.00.

**01.02.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Helge Dyrkolbotn ba om at møtestart vert flytta til 16.00.  
Ein prøver med dette, og at Eldrerådet startar 17.30 heller enn klokka 17.00  
Handsaming i rådet:  
Samrøystes om å flytta møtestart frå 15.00 til 16.00.

**RMNF - 005/22 VEDTAK:**

Møtestart for RMNF vert flytta til klokka 16.00.

---

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	08.03.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	22/287

### Orienteringssak

### Framlegg til vedtak:

### Saksopplysninger:

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	08.03.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FA-G09	22/247

## Støtte til deltaking på Stiftelsen SOR sine konferansar

### Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Stiftelsen SOR har som formål å støtta forskning, fagutvikling og formidling på alle område som kan gje større forståing av utviklingshemming, og føra til betre metodar for førebygging, behandling og opplæring. Dei arrangerer årleg fleire konferansar, og den neste er i Bergen (Scandic Flesland) 5. og 6. mai. Konferansen tar utgangspunkt i ei ny bok som skal lanserast før konferansen: *Kunnskapsbasert miljøterapeutisk arbeid*.

Leiar i rådet Odd Øksnes har diskutert med Anny Sætre Bertelsen frå NFU korleis ein kan støtta deltaking på konferansen. Det er mogleg å delta både fysisk og digitalt. Avhengig av kva modell ein vel, kan ein få digital tilgang til alle konferansar innanfor ein viss periode.

De kan lesa meir om konferansen her: <https://stiftelsensor.no/konferanser/konferanse-2205>

#### Konklusjon

Saka vert lagt fram for drøfting